

Situasjonen stadig ljosare for Eidsvik

30.11.2011



Libas er på plass i Uskedalen og Ligrunn kjem

Situasjonen blir stadig ljosare for bygdas største verksemد Eidsvik Skipsbyggeri. No er det sikra jobb for rundt 20 mann fram til nyttår etter at Noregs største fiskebåt Libas la til kai i går og Ligrunn tilhøyrande same rederi er på veg inn.

Det som skal skje med dei to båtane fyller eit gap fram til den store utrustningsoppgåva startar på nyåret. av den nyskapande miljøbåten Nye Liafjord.

Det er i hovuufsak den tette og tradisjonelle kontakten med Liegruppen i Straume på Sotra som har lagt grunnlaget for ljosare tider hos Eidsvik

Den nye Libas som no ligg i Uskedalen vart bygd i 2004, er 94 meter lang og vart utrusta i Fitjar etterat skroget var laga i Russland.. Det er ein kombinert ringnotbåt og trålar men blir og av og til nytta til forsking og offshore. Nå skal lugarkapasiteten aukast og det har ikkje minst sin bakgrunn i offshore-oppdrag. Også vedlikehaldsarbeid skal utførast.

Ligrunn er den eldste båten til gruppen og har ein fortid som den tidlegare danske Geysir. Også den har vore inne hos Eidsvik for diverse arbeider tidlegare og no er det mellom anna rørarbeid som forestår. Det blir med andre ord mykje blått langs kaien hos Eidsvik i tida framover - og godt er det. Det blir også prefabrikering av rør til nybygget i vekene framover

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen